

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Turtagrø Hotell, med synfaring Krossbu

Dato: 27.08.2014

Tidspunkt: 10:30 – 15:20 (synfaring Krossbu-Sognefjellet-Turtagrø til kl. 12:45)

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	leiar	
Vidar Eltun	Medlem	
Arild Ingar Lægreid	Medlem	
Jørand Ødegaard Lunde	Medlem	
Frida Melvær	Medlem	
Iselin Jonassen	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen		

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frida Melvær deltok på telefon.
Vara for Ivar Kvalen, Marit Tennø, kunne heller ikkje møte

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 35/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 36/2014	Referatsaker		
RS	Spørsmål om persontransport til Glitterheim - eldre person i familie		2014/4872
RS	Transport av person som følger skuleklasse til Glitterheim turisthytte		2014/4872
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Reparasjon av bru over Hellstuguåe i Visdalen - DNT Oslo og Omegn (AU-behandling)		2014/5194
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Faglig rådgivende utvalg - Invitasjon til møte 8. september		2014/5349
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Kulturminne i Memurudalen - referat frå synfaring 30. juni		2014/4769
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Lavtflyging og landing med helikopter ved Juvasshytta - Filming med drone - Juvflye - Juvfonna		2014/3729
RS	Universitetet i Tromsø - Forskningsprosjekt om nasjonalparker og naturbasert turisme		2014/523 2003/4333
ST 37/2014	Delegerte vedtak		
4/2014	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Delegert vedtak motorferdsel - 2014 - kjøring etter Gravidalsvegen i samband med landbruksverksemd - saueeigar Trygve Husom		2014/5196
ST 38/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallsport for utvikling av tilrettelegging		2014/712
ST 39/2014	Eventuelt		

ST 35/2014 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 27.08.2014

Vedtak

Ikkje merknader til saksliste og innkalling.

ST 36/2014 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 27.08.2014

Vedtak

Referatsakene vart tekne til etterretning.

Referatsaker

Spørsmål om persontransport til Glitterheim - eldre person i familie	2014/4872
Transport av person som følger skuleklasse til Glitterheim turisthytte	2014/4872
Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Reparasjon av bru over Hellstuguåe i Visdalen - DNT Oslo og Omegn	2014/5194
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Faglig rådgivende utvalg - Invitasjon til møte 8. september	2014/5349
Jotunheimen nasjonalpark - Kulturminne i Memurudalen - referat frå synfaring 30. juni	2014/4769
Jotunheimen nasjonalpark - Lavtflyging og landing med helikopter ved Juvasshytta - Filming med drone - Juvflye - Juvfonna	2014/3729
Universitetet i Tromsø - Forskningsprosjekt om nasjonalparker og naturbasert turisme	2014/523

ST 37/2014 Delegerede vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 27.08.2014

Vedtak

Delegert vedtak teke til etterretning.

4/2014 Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Delegert vedtak motorferdsel - 2014 - kjøring etter Gravdalsvegen i samband med landbruksverksemd - saueeigar Trygve Husom 2014/5196

ST 38/2014 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallsport for utvikling av tilrettelegging

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 27.08.2014

Møtet vart innleia med synfaring ved Krossbu. På vegen over fjellet til Turtagrø vart det innlagt ein kort stopp på Sognefjellshytta, der ein såg på nybygget der fylkeskommunen og Statens Vegvesen sitt turistvegprosjekt har delteke i finansieringa.

På Turtagrø vart det gjeve ei orientering utandørs, med synfaring ved parkering og informasjonspunktet som er der i dag.

I diskusjonen vart Gjendeosen framheva av fleire, som den mest sentrale innfallsporten til Jotunheimen, med svært stor trafikk og kort avstand inn i nasjonalparken.

Iselin Jonassen peika på at Gjendeosen har vore vurdert som mest sentral innfallsport, jf styremøtet i fjor. Derfor overraskande at denne plassen nå berre er sett til side. La Krossbu kan sjåast som eit slags motstykke, der ein har størst potensiale ved å kunne byggje noko frå grunnen – utvikle og forme ein innfallsport slik ein helst ønskjer frå nasjonalparkforvaltninga, sidan det ikkje er noko der i dag.

Lettast å legge bort Juvflye, pga lang avstand til gjennomfartsveg, og der gjestene allereie har bestemt seg for Galdhøpiggen når det kjem dit. Stor grad av tilrettelegging med guidar.

Det vart også teke til orde for at Sognefjellshytta burde vore meir utgreidd. Det vart opplyst at her er ein saman med Breheimen n.p. i god dialog med Turistvegprosjektet og bedriftseigar om nasjonalparkinformasjon når bygget vert ferdig. Det vert truleg noko skjermbasert, framfor tradisjonell informasjon på tavler/plakatar.

Frida Melvær meinte at ein først burde ha definert kva mål ein har med tilrettelegginga, for å ha eit grunnlag for å drøfte lokalisering. Krossbu synest vera den plassen der det var lettast å leggje til rette, med stort potensiale for utvikling. Også Turtagrø har sine fordelar.

Jørund L Ødegaard peika på at Krossbu ligg nokså nær Sognefjellshytta, der det offentlege har gått inn med store ressursar allereie. Det kan vera greitt å spreie tilrettelegginga over eit litt større område. Dette talar for Turtagrø framfor Krossbu.

Miljødirektoratet har orientert forvaltarane om at firmaet Snøhetta i si visualisering av merkevarestrategien har vald Turtagrø som sitt case. Dermed har ein gjennom dette ei skisse som utgangspunkt. Styret ser det likevel som si oppgåve å velja lokalitet, uavhengig av kvar Snøhetta lagar eksempelskisser frå.

Styret føler at dei har vore for dårleg involvert i prosessen med å velja bort moglege lokalitetar for pilotinnfallssporten. Dersom nokon må veljast bort på grunn av kravet til framdrift må ein godta det, men det må evt skje etter konkret vurdering av kvar enkelt.

Når det gjeld Gjendeområdet er avlastingsparkeringa på Reinsvangen allereie i dag eit stopp-punkt og innfallsport til Jotunheimen, og med satsinga til Nasjonale Turistveger vil dette verta hovudparkering i framtida – når flesteparten av parkeringsplassane utanom dei reserverte for næringsdrivande og fiskarar er fjerna. Ei tilrettelegging på Reinsvangen kan skje uavhengig av den større utbygginga på Gjendeosen, og det kan vera eit poeng å vera synleg til stades her frå starten. Det kan bli vanskelegare å markere Jotunheimen nasjonalpark på ein god måte denne mest sentrale innfallssporten dersom ein sit passiv og let Nasjonale Turistveger fullføre alt sitt før ein tek initiativ til å synleggjera nasjonalparken. Det er naturleg å ha eit informasjonspunkt der folk parkerer bilen for å ta buss eller gå dei siste 1,7 kilometrane inn til Gjendeosen.

Vedtak

Saka vert utsett, med oppdrag til forvaltarane om å utgreie Gjendeosen med Reinsvangen i tillegg til dei dei vurderingane som er gjort i saka som vart lagt fram.

Nasjonalparkstyret er innstilt på å velja *ein* lokalitet å gå vidare med. Nytt møte avtala som telefonmøte 12.09. kl 08:00

Alle er samde om Juvflye ikkje treng nærare utgreiing enn det som er gjort i saka..

ST 39/2014 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2013 - Ny bru over Blåtjønnåe - DNT Oslo og Omegn / Russdalen Beitelag - justering av tidsfrist

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 27.08.2014

Bruansvarleg i DNT, Thomas With; tok kontakt på telefon 25. august med spørsmål om å få vente med fjerning av alle delar av den gamle brua over Blåtjønnåe, inntil ein har hausta erfaring med snøforholda eit par vintrar. Førrespurnaden kom etter innspel frå arbeidsleiar i Stokk og Stein, som meinte det kunne vera tenleg å sikre seg at den nye trebrua ikkje blir utsett for vinterskader før ein fjernar vaierane på den gamle. Ved eventuelt behov kunne ein da legge på ny gangbane og unngå transport om det skulle oppstå behov for alternativ.

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 11/2014 slik vedtak om utskifting av bru:

DNT Oslo og Omegn får med heimel i Naturmangfaldlova § 48 løyve til riving av eksisterande hengebru og oppføring av ny fast bru ca 500 meter nedanfor eksisterande

brustad. Det blir samstundes gjeve løyve til omlegging av ruta på den aktuelle strekninga, for tilpassing til nytt kryssingspunkt over Blåtjønnåe. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008).

Omsøkt riving og nyanlegg i same området blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bru som skal fjernast. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla transport og øvrig miljøbelastning blir redusert til eit minimum. Alle restar etter den gamle brua skal demonterast og fraktast ut i samband med slutføring av den nye brua.

Det er siste ledd i vedtaket, om at alle restar av den gamle brua skal fraktast ut i samband med slutføring av den nye som dei ønskjer å få litt meir tid på. Dette kan synast fornuftig, for ikkje å risikere å måtte inn att med nye element dersom snøen legg seg slik at den nye brua vert utsett for vinterskader.

Vedtak

Nasjonalparkstyret viser til vedtak i sak 11/2014 om utskifting av bru, og godkjenner slik justering av frist for fjerning av gammal bru:

DNT Oslo og Omegn får utsett frist for fjerning av den gamle brua over Blåtjønnåe, inntil ein har hausta erfaring med den nye trebrua over eit par vintrar.

Vilkår for utsettinga:

Vedtaket om fjerning står fast, men ein avventar fjerning av vaierar på den gamle hengebrua i inntil 2 år.

Den gamle brustaden skal sikrast og ryddast for overflødige restar. Berre fundament og vaier skal vera att.

Stigen må merkast svært tydeleg ved omleggingspunktta for å unngå at folk går mot den gamle bruplassen.

Nasjonalparkstyret gjer ny vurdering av kravet om fjerning om 2 år, slik at ein kan rekke å iverksetja fjerninga av den gamle brua før vinteren 2016/17.

Dersom det er forhold som talar for å behalde den gamle brua, må det sendast grunngjeven søknad innan utgangen av juni 2016.